


BJERKREIMS NYTT



INFO TIL BJERKREIMBUEN
JUNI 2025

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00

Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00

www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Måndag 15.00 - 19.00

Tysdag 14.00 - 18.00

Onsdag 14.00 - 18.00

Torsdag 12.00 - 15.30

Fredag 12.00 - 15.30

Laurdag 10.00 - 14.00

*sjå side 3 for sommarope***DIM-RENOVASJON:**

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 19. august kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 28. august. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG**GRAFISK FORMGIVING:**

Jærprint AS

FORSIDEFOTO:

Idrettslaget har 60-årsjubileum i år. Bilete er teke av ordføraren 17. mai 2024.

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE

KØYR FORSIKTIG!

Me er ein kommune med mange vegar. Alt frå små private vegstubbar, kommunale bygdevegar, vegar fylket eig, og ikkje minst E39. 209 kilometer med offentleg veg, og 235 kilometer med privat. E39 er ikkje lengre enn 21 kilometer gjennom Bjerkreim, men har svært stor trafikk. I gjennomsnitt 15.000 bilar i døgnet, men på travle sommardagar og helger med stor utfart, opp mot 25.000. Det gjer oss utsett for ulykker. Dessverre har me ikkje meir enn rundt åtte kilometer med gang og sykkelsti, som er altfor lite.

Bjerkreim kommune er nyleg resertifisert som trafikksikker kommune. Dette er sjølv sagt ikkje bokstaveleg, ingen kommunar er skjerma for ulykker og farlege situasjonar. Det som ligg i denne statusen, er at Trygg Trafikk har godkjent trafikktryggleiksarbeidet i Bjerkreim. Kravet for godkjenning er at me arbeider systematisk med dette viktige arbeidet, og har gode planar for førebygging.

Det startar allereie på helsestasjonen med fokus og tips for sikring av dei aller minste i bil. På landsbasis har det vore ei markant nedgang i ulykker med barn, og helsestasjonane har bidrege sterkt til dette. Barnehagane har trafikkopplæring i sitt årshjul. Begge våre barnehagar kan kalle seg trafikksikker barnehage. Det trenast på basiskunnskap, om å sjå til høgre og til venstre, og på å gå til og frå skulen. Ungane lærer av dei vaksne, her må me vara gode rollemodellar. Småtassar er ikkje alltid lett å få auge på, men enkle råd kan gjera det enklare. Rygg inn, køyr ut, er vanar me prøver å få inn hjå tilsette og foreldre. Då har du betre oversikt.

Skulane er kjempefinke, og får skryt for særdeles gode trafikktryggleiksplanar.

På Bjerkreim skule har dei laga trafikale gå- og sykkeløyper i nærmiljøet. Det vert øvd på trafikksituasjonar rundt skulen, i Røyslandsdalen og opp til Vikeså og stadion. Skulane terpar på bruk av hjelm og bruk av refleks. Det er sykkeldagar, og ein øver på korleis ein skal oppføra seg i trafikken når ein går på tur. Me går no i gang med å lage ei «hjarteson» rundt Vikeså skule. Me skal få laga betre flyt og betre skjerming av gåande og syklande. Ved skulestart og skuleslutt vert det for mykje blanding av bussar, foreldre som skal levera ungar, tilsette som skal parkere og mjuke trafikantar, ungane som går og sykklar til skulen. Håper me får til ei betre løysing.

Kommunen skal i neste omgang lage ny trafikktryggleiksplan. Her skal og planane for førebygging verta synlege for alle. Det skal og prioriterast område som bør sikrast og utbetrast fysisk. I eksisterande plan, har me hatt fire prioriterte områder. Gang- og sykkelsti i staden for berre kvit stripe, frå Solheim Terrasse til Circle K og betre kryss. Me har ikkje lukkast med å få dette på plass, så det må vera med vidare. Me har fått til betre løysing, med fortau ned til Vikeså stadion, fartshumpar rundt i Bjerkreim kommune, og ferist ved Ørdsalstunellen. Det betyr at me kan ta med nye forslag, som så igjen kan få trafikksikkerheitsmidlar frå fylkeskommunen. Her er det berre å kome med gode forslag til nye prioriterte område!

Så er det slik, at fysiske tiltak berre hjelper til ei viss grad. Det aller viktigaste er repetisjon, om igjen og om igjen, av gode haldningar. Her må me alle ta ansvar. Dette skal ikkje skulane og barnehagane måtte ha eineansvar for. Me har tre grupper som er spesielt utsette: Eldre fotgjengarar og eldre billistar, samt unge. Ungdom i alderen 18-24 har høgast ulykkes- og skaderisiko samanlikna med andre aldersgrupper. Våg å snakke om dette med eldre slektningar som kanskje ikkje ser det sjølv. Og ta dei viktige samtalan med ungdomane. Hugs me er alle rollemodellar, og dette må me samarbeide om. Me har ingen å miste!

*Vennleg helsing, Tone Vaule***POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET**

LMT-utvalg

Tysdag 03.06 kl. 19.00

Levekårsutval

Tysdag 03.06 kl. 13.00

Formannskap

Onsdag 04.06 kl. 16.00

Felles råd

Tysdag 10.06 kl. 13.00

Ungdomsråd

Tysdag 10.06 kl. 16.00

Kommunestyret

Tysdag 10.06 kl. 18.00



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

ÅPNINGSTIDER KOMMUNEHUSET

Det blir innskrenka åpningstid på kommunehuset fra 30.06 t.o.m. 01.08. Åpent mellom kl. 10.00-14.00.

BIBLIOTEKET I SOMMAR

Avvikande opningstider i sommar:

30. juni - 6. juli: Ope tysdag, onsdag og torsdag

7.-13. juli: Stengt

14.-27. juli: Måndag: Stengt

Tysdag: kl. 14-18

Onsdag: kl. 14-18

Torsdag: kl. 12-15.30

Fredag: Stengt

Lørdag: Stengt

Elles har biblioteket vanlege opningstider.

LØRDAGSHJELP PÅ BIBLIOTEKET

Vi trenger bibliotekmedarbeider på lørdager. Fra 1.8.25 er det ledig stilling annenhver lørdag ved Bjerkreim folkebibliotek. Jobben kan kombineres med å være ringevikar. Mer informasjon på kommunens hjemmeside, under Ledige stillinger.

KOMMUNALT PENSJONISTTREFF

Vi inviterer dere som tidligere har jobbet i Bjerkreim kommune, og som nå nyter livet som pensjonister, til en sosial sammenkomst.

Praktisk info:

- Dato: 5 juni

- Kl 12.00- 14.30

- Sted: Kommunestyresalen

Påmelding til tlf 51 20 11 00

Litt om programmet:

- Lunsj: Rundstykker

- Velkomst v/kommunedirektør Ørjan Daltveit

- Mimring fra arbeidslivet i Bjerkreim v/Bjørn Hille

- Livet på Vikeså skule v/Siri Sjøtrø

Velkommen til et trivelig gjensyn.

EGENBEREDSKAP

Den 28. april i år ble Spania og Portugal rammet av et massivt strømbuudd. Strømbuuddet lammet transport, handel og nødetater, noe som viser hvor avhengig samfunnet er av elektrisitet.

Mangel på strøm fører til store forstyrrelser i dagliglivet. Vi trenger strøm for å lade el-bilen, betale med kort i butikken, bruke internett og mobiltelefon, lytte til radio, holde maten kald i kjøleskapet og for å kunne lage mat. **Sist men ikke minst kan et strømbuudd føre til at vannet i springer forsvinner!**

Når vi går mot sommer, vil vi minne om hvor viktige det er å ha et lager med vann til en uke. Du trenger vann til både drikke, matlaging og hygiene. Anbefalingen er å beregne rundt 20 liter drikkevann per person.

Råd om vann

- Du kan fylle vann fra springen på flasker eller kanner.
- Du kan også kjøpe kanner eller flasker med vann fra butikken
- Rent vann på beholder kan lagres i årevis uten at det blir farlig å drikke.
- Les om hvordan du lagrer drikkevann her: www.dsb.no/sikkerhverdag/egenberedskap/slik-lagrer-du-drikkevann/

Mer informasjon om egenberedskap finner du her: Egenberedskap

Husk at noen forberedelser er mye bedre enn ingenting!



VAL

STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 8. SEPTEMBER 2025

Kven har stemmerett?

Ved stortingsval har norske statsborgarar som har fylt/fyller 18 år innan utgangen av valåret og som er, eller har vore, registrerte som busette i Noreg, stemmerett. Du må dessutan stå i manntalet.

Sjekk om du står i manntalet

Manntalet vil bli lagt ut til offentlig ettersyn på kommunehuset frå rundt 8. juli, t.o.m. valdagen. Det er viktig at du som veljar sjekkar at du står i manntalet, spesielt om du har flytta til kommunen dette året. For å vera manntalsført i Bjerkreim kommune, må flytting vera registrert innan 30. juni. Dersom du ikkje står i manntalet i Bjerkreim kommune, kan du ikkje stemma her på valdagen, men du kan førehandsstemma her (då blir stemmegjevinga di sendt til den kommunen du står manntalsført i).

Dersom du meiner at du eller nokon andre er feil innført, eller ikkje står i manntalet til kommunen, kan du krevja at valstyret rettar opp feilen. Kravet må vera skriftleg og grunngjeve og sendast til: Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, eller postmottak@bjerkreim.kommune.no.

Du kan førehandsstemma på kommunehuset

- frå 1. juli kl. 10.00-14.00, og
- frå 4. august - 5. september kl. 08.00-15.00
- ved å avtala tid utanom kontortida (ring tlf. 51 20 11 00)
- 1.-3. september er det ope til kl. 19.00

Husk å ta med legitimasjon!

Tid for førehandsstemming på Bjerkreim omsorgsenter blir ein gong i siste veka før valet.

Du kan søkja om å få stemma heime

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan koma seg til eit lokale og stemma på valdagen eller på førehand, kan søkja om å få stemma der vedk. opphald seg (heime). Du kan ringa eller senda ein enkel søknad innan 4. september kl. 12.00, til: tlf. 51 20 11 00 / Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, postmottak@bjerkreim.kommune.no.

Opningstidene på valdagen

kl. 10.00-20.00 på Bjerkreim bedehus.
kl. 10.00-21.00 på Bjerkreim kommunehus.

Meir om valet kan du lesa på www.bjerkreim.kommune.no eller www.valg.no



VELKOMMEN TIL KLØGETVEDTTUNET SOMMEREN 2025

Tunet blir åpent følgende søndager i sommer:

15. juni kl. 13: Sesongåpning. Kulturskolens teaterleverer framfører små scener fra Bjerkreim i gamle dager.

22. juni kl. 13: Tarald Oma med foredraget «Amerika, det løfterike landet i vest» i anledning 200-årsjubileet for starten av utvandring til USA.

10. august kl. 13: Konsert med Roar Engelberg på panfløyte. Han spiller også på Bjerkreim omsorgssenter samme dag.

17. august kl. 13: Demonstrasjon plantefarging av garn med Dagrunn Vaule

31. august kl. 13: Marknadsdag. Meld deg gjerne allerede nå til Bjerkreim kulturkontor dersom du ønsker å delta med egenproduserte produkter.

Alle ganger åpent fra kl. 13-16. Salg av kaffe, lapper og enkle kioskvarer. Omvisning på forespørsel. Gratis adgang hvis ikke annet er annonsert.

VELKOMMEN TIL SOMMERFEST I KULTURPARKEN SØNDAG 24. AUGUST KL. 14.00

Bjerkreim kommune har igjen gleden av å invitere små og store til sommerfest i kulturparken ved Svelavatnet søndag 24. august fra kl. 14.00.

Sceneprogram med blant annet tryllekunstner og bandet Vettche.

Mange ulike aktiviteter. Andeløp. Salg av mat. Lag og foreninger bidrar.



GRATIS KLÆR OG SKO I SKJERABERGET

Byttebutikken «Gi og ta – klær og sko for liten og stor» holder åpent mandager kl. 11.00-15.00 og onsdager kl. 15.00-19.00 i Skjeraberget folkehelsehus. Nå er butikken full av fine klær og sko til sommeren, her har vi noe for alle! Du trenger ikke levere inn noe, for å hente ut noe. Adresse: Pittervegen 6, 4389 Vikeså. Kontaktperson: Nina Johnsen tlf. nr. 90715916

20-ÅRSJUBILEUM RØYSEKATTEN

Røysekatten barnehage har 20-årsjubileum i år. Dette vil vi markere med en jubileumsfest torsdag 12. juni, kl. 16.00-18.30. Det blir servert grillmat og kaker. Ta med hele familien og kom. Alle er hjertelig velkomne, spesielt velkomne er tidligere ansatte og barn som går og har gått i barnehagen.

SOSIAL KVELD

Tirsdag 10. juni kl. 19.00 i Skjeraberget folkehelsehus. Åpent for alle. Trenger ikke være medlem av bygdekvinnelaget. Kom med eller uten håndarbeid til god drøs over kaffikoppen. Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag.

ONSDAGSKLUBBEN 3G Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 4. juni blir vi med Ranveig og Per Lauvås til Lauvås i Sandnes. Avreise med buss kl 9.00 fra Esso. Merk tida! Ta med drikke og sitteunderlag. Arr. Felles råd for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

TURER FOR UNGDOM

Agale inviterer norsk og ukrainsk ungdom mellom 13-30 år på tur 25.-29. juni og 23.-27. juli. Turene er gratis og full av mange spennende aktiviteter: Padling, fisking, klatring, fjellturer og mye mer! Ta kontakt med Rune på rune@agale.no eller 982 17 252 for påmelding og mer informasjon. Turene er i regi av Erasmus+ og finansiert av den europeiske union.

BJERKREIMSQUIZEN

Det vert ikkje quiz i juni og juli. Haustsemesteret tek til onsdag 20. august kl. 19.30 i kommunestyresalen. Quizmaster: Annette Olden Nedrebø Startkontingent: kr. 50,- pr.person - kontant.

HAGEVANDRING HJÅ MARIANNE LIEN

Tid: Tysdag 3. juni kl. 18.00

Enkel servering.

Alle velkomne.

Arr: Bjerkreim hagelag

BINGO

I peisestova på Vikeså misjonshus

onsdag 11. juni kl. 14.00 til ca.

kl. 16.00 og onsdag 13. august kl. 14.00.

Alle velkommen!

Arr: Bjerkreim helselag

KRF VALGFEST

Onsdag 27. august kl. 19.30 på

Bjerkreim bedehus. Toppkandidat

Jonas Andersen Sayed er kveldens

festtalar. Vel møtt!

ØRSDØLEN

Ørstdølen går søndagsturer fra 6. juli til og med 31. august!

Billetter kjøpes på internett: www.orstdolen.no

Avgang fra Odlandstø kl. 11.00, tilbake ca. kl. 15.30

Priser: 300,- voksne og 50,- barn 3-16 år

Grillmat og lapper selges i Lauperak.

Kan også booke båten til private turer, kontakt tlf. 477 51 043 for mer info.

TUR TIL SJØEN - SIREVÅG

Onsdag 20. august inviterer

Bygdekvinnelaget til fellestur med avreise fra Uninor kl. 17.30.

Vi går en rundtur langs stranden og i skog. Gode bademuligheter.

Servering av fiskesuppe.

Turen er åpen for alle som vil bli med!

FRILUFTSKVELD

11. juni kl. 17.00-19.30

Sted: Tur med M/K Ørstdølen.

I samarbeid med Ørstdølen

båtforening.

Enkel servering.

OBS: Påmelding på friluftsrådets nettsider.

Arr: Dalane friluftsråd

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 12. juni kl. 18.00-20.00 i

Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen

og bli kjent med hverandre.

Vi serverer kaffe, te og litt å spise.

Velkommen alle kvinner!

TUR TIL KRISTIANSAND 6. - 7. SEPT.

Bygdekvinnelaget inviterer til overnattingstur med kunst og kos

i Kristiansand. Tog fra Egersund

lørdag morgen, sjekker vi inn på

hotellet før vi besøker den flotte

Kunstsiloen. Etterpå blir det egentid

i byen før vi samles til felles middag

lørdag kveld. Hjemreise søndag

formiddag.

Turen er åpen for alle, både

medlemmer og andre som har lyst å bli med!

Påmelding innen 15. juni til Olaug, tlf. 928 09 597.

KURS: HANDY WOMAN

Lørdag 20. september i sløydsalen

på Vikeså skule med kursleder Terje

Versland. Sett av datoen allerede nå, mer informasjon kommer.

Arr: Bjerkreim bygdekvinnelag

SYSNELLENE

Møtes til sykkeld og gjensidig

inspirasjon på Skjeraberget

folkehelsehus mandag 1. september

kl. 18.30 - 21.00. Vel møtt.

BJERKREIM

BYGDEKVINNELAG 75 ÅR

HOLD AV DATOEN FREDAG

3. OKTOBER!

Lått og løye, tilbakeblikk og god middag mm på Samfunnshus frå kl 19.00.

Medlemmer m/ fylgje kan melda seg på til Agathe Svela 977 01 156, eller Bente Gro M. Slettebø 412 13 619. Kr. 500 pr stk. Meir info kjem.

LÅVEFEST

Søndag 15. juni kl. 19.00

Sted: Gjedrem 50

Innsamling til Kenya. Fest og basar

Arr: Window of Hope

SOMMERUTSTILLING

Bjerkreim brukskunstforening sin sommerutstilling åpner lørdag 28. juni kl. 12.00 i Kulturbanken.

Åpent kvar dag kl. 12.00-17.00

t.o.m med søndag 27. juli. Ta turen innom.

KONFIRMASJON 2026 - SELSKAP

Bedehuset kan leigast til konf. selskap. Det kan vera to selskap same

dag. Opplys om de ønsker å vere

i hovudetg. eller i kjellaretg. Send

e-post til: bjerkreimbedehus@gmail.com eller tlf 406 02 711 innan 20.

juni. Fordeling/evt.loddtrekking blir føreteke like etter fristen.

KONFIRMASJON 2026?

Vikeså misjonshus kan leigast til konfirmasjonsselskap. Gje melding

til vikesaa.misjonshus@gmail.com

før 10. juni ang. leige våren 2026,

skriv kva dato du ynskjer. Dersom

fleire ynskjer same dag vert det loddtrekning.

BJERKREIM BEDEHUS

Juni

Bønnemøte kvar tysdag kl. 19.00

Minsten 4., 11. og 18. kl. 09.30

15. kl. 11.00 Endelig søndag

23. kl. 19.00 Jonsok på Gjedrem

25. kl. 20.00 Mannsmøte

August

Bønnemøter 12., 19. og 26. kl. 19.00

Minsten 20. og 27. kl. 09.30

23. kl. 18.30 Samlingsfest

29. kl. 19.30 Møtehelg

Indremisjonen

30. kl. 19.00 Lørdagskveld

31. kl. 11.00 Endelig søndag

kl. 11.20 Søndagsskule

VIKESÅ MISJONSHUS

04. juni kl. 17.30 Global cafe

04. juni kl. 20.00 Bønnemøte

11. juni kl. 20.00 Samtalemøte



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

1.pinsedag 8. juni kl 11.00

Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Sundag 15. juni kl 11.00

Friluftsgudsteneste på Tengesdal.

Sundag 22. juni

Ikkje gudsteneste i soknet.

Sundag 29. juni kl 11.00

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Einaste gudsteneste i juli:

Sundag 27. juli kl 19.00

Kveldsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Sundag 10. august kl 11.00

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Sundag 17. august kl 11.00

Temagudsteneste i Ivesdal kyrkje.

Sundag 24. august kl 11.00

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Utdeling av 6-årsbøker.

Sundag 31. august

Ikkje gudsteneste i soknet.

DØYPTE:

Retting førre Bjerkreimsnytt:

23.03.25 Solveig Imsland Espedal

Vi beklagar feil namn i mainummeret.

DØDE:

08.05.25 Jorunn Marie Ølberg

BØNNEAKSJJONEN

«HELE ROGALAND BER»

Tirsdag 3. juni blir det kontinuerlig bønn i kirken kl 12-18. Velkommen innom for å tenne lys og å delta i stillhet og bønn når du måtte ønske. Bønnen startes ved soknepresten kl.12 og diakonen avslutter med kveldsbønn før kl.18. Tidsrommet mellom er fordelt på frivillige fra ulike trosfellesskap i Bjerkreim og det blir satt frem ulike bønneemner som kan benyttes.

Tirsdag 17. juni blir det bønnetur til «sendaren», toppen mellom Lauvtjødna og Vikeså skule. Møt opp med badeplassen på Lauvtjødna kl 18 viss du vil gå saman med oss. På toppen ber vi for bygda og folket. Mer om bønneinitiativet finner du på bjerkreimkyrkja.no

FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ TENGESDAL

Velkomne til friluftsgudsteneste 15. juni! Vi planlegg ut frå at dei fleste parkerer på Eigestad (høgre side før tunnelen mot Krossmoen) og går ned til beitet der vi skal vere. Det er ca 1200 m på skogsveg/god sti. Ola Birkeland og Per Spødervold fortel om området og historia rundt på gudstenesta. Ta med sitjeunderlag og gjerne niste. Merk: Dersom det blir stygt ver blir gudstenesta i Bjerkreim kyrkje i staden. Dette blir avklart same morgon.

INFORMASJONSMØTE FOR KONFIRMANTAR 2026 MED FORESETTE:

Tysdag 10. juni kl 18 på Vikeså misjonshus. Velkomne!

Digital påmelding dåp og konfirmasjon

Vi har fått nye nettsider og mottek no påmeldingar til dåp og konfirmasjon digitalt. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du lurar på noko eller treng hjelp.

FEST FOR 50-ÅRSKONFIRMANTANE

Alle som vart konfirmert i Bjerkreim i 1975 er velkomne til gudsteneste og middag søndag 7. september. Brev er sendt ut. Ta kontakt om du manglar invitasjon. Påmeldingsfrist 25. august.

GI DET VIDERE

Det er flott å høre gode prekener, og selvfølgelig trenger vi evangelisering, men ofte er det kanskje lettere for andre å se Jesus gjennom oss hvis vi er gode mot hverandre, og på den måten peker helt konkret på hvem personen Jesus er.

I filmen «Gi det videre» fra 2001, gir læreren 7. klassingene i oppgave å «forandre verden». Dette resulterer i ganske beskjedne forslag, med unntak av gutten Trevor, som viser frem en helt konkret og original idé om at folk skal utføre en god gjerning for noen som trenger hjelp. Personen som mottar hjelpen, blir da utfordret til å gjøre det samme med tre andre personer, som igjen får samme oppfordring. Filmen er basert på en roman av Catherine Ryan Hyde som tar utgangspunkt i hennes egne opplevelser. Hun var ute og kjørte bil alene en kveld i et belastet strøk av Los Angeles. Bilen streiket, og hun gikk ut for å se etter hjelp. To menn kom da løpende mot henne, og hun ble redd og fryktet at de ville gjøre henne noe. Det eneste de gjorde, var å hjelpe henne med bilen. Senere fikk Catherine selv mulighet til å hjelpe en annen kvinne med et vanskelig problem. Da kvinnen spurte hvordan hun kunne gjøre gjengjeld, forslo Catherine at hun kunne sende stafettpippen videre til noen andre. Catherine begynte da å tenke på hvordan verden ville sett ut hvis idéen skjøt fart. Dette resulterte i roman, film og stiftelse.

Hvordan tror du verden ville sett ut med en slik «gi det videre» visjon?

«Slik skal også dere la deres lys skinne for menneskene, så de kan se de gode gjerningene dere gjør, og prise deres far i himmelen.» Matt.5,16.

Per Børge

Søknadsskjema klare - nye tilskotsordninger

Viser til informasjon som stod på sida vår i Bjerkreimsnytt i mai-nummeret, om dei to nye tilskotsordningane for delvis dekking av utgifter til kalking som er fakturert etter 01.01.25, og nødstraumsaggregat som er innkjøpt etter denne datoen.

No er søknadsskjema for begge tilskotsordningane ferdige. Vi har lagt stor vekt på at dei skal vera enkle, og Landbrukskontoret skal kunna behandla søknadene og betala ut tilskota på ein veldig effektiv måte 😊

Du søker elektronisk med å logga deg på med Bank-ID, og du kjem då til eit veldig enkelt søknadsskjema der du kun må fylla ut opplysningar om kor mange tonn med kalk du har kjøpt, leggja med kopi av faktura for innkjøpt kalk, organisasjonsnr. ditt og så bankkontonr som tilskotet skal overførast til.

Søknadsfrist: 15. oktober

Utbetaling: I november

Kommunestyret har vedteke ei tilskotsramme på 500.000 kr kvart år i perioden 2025-2028. Det er sett av 400.000 kr til kalkinga og 100.000 kr til nødstraumsaggregat for 2025.

Foreløpig sats er 100 kr/tonn kalk, og dersom det er færre søkjarar (under 4.000 tonn samla), vert tilskotet høgare/tonn. Dersom vi mottar fleire søknader enn til 4.000 tonn, vil det overskytande verta utbetalt i januar året etter, med nye budsjettmidlar.

Tilsvarende vil verta gjort for nødstraumsaggregat. Prinsippet «første mann til mølla» vil då gjelda!

Her er link til søknadsskjema:

<https://www.bjerkreim.kommune.no/aktuelt/er-du-bonde-sok-om-tilskot-til-kalk-og-aggregat.114774.aspx>

Då håpar vi på mange søknader for dette er svært gode og viktige tiltak 😊

Nydyrking som er ferdig - oppmåling

Dersom du har noko areal som er ferdig eller vert ferdig dyrka dette året, er det fint om du gir beskjed til oss snarast og seinast innan 1. august. Fristen er sett for at arealet skal verta med på søknaden om produksjonstilskot i oktober – med oppdaterte arealtal for nydyrkinga på gardskartet. Sjekk at vilkåra i vedtaket for løyve til nydyrkinga er oppfylte, før du melder i frå til oss.

Send sms til Ivar Tore Hetland på 92 48 13 21

eller e-post ivar.tore.hetland@bjerkreim.kommune.no

Han vil så ta kontakt og føreta oppmålinga med mobilen 😊

Fleire har gitt beskjed om nydyrking, og vi har namna på oppdragslista vår. Men vi organiserer oppmålingane for å gjera jobben mest effektiv.

Kravet for at det skal verta gitt areal- og kulturlandskapstilskot for 2025, er at parsellen har vorte hausta eller beita minst 1 gong i løpet av vekstsesongen. Dersom



arealet bare vert ferdig isådd i haust, og 1. avlinga først kjem neste år, kan du likevel melda frå slik at arealet kan verta oppmålt.

Vinterlandbruksskolen – ledige plassar på Særheim

Treng du agronomutdanning, eller kjenner du nokon som treng det? Vinterlandbruksskolen på Jæren har ledige plassar i faga Plante- og husdyrproduksjon, Utmark og kulturlandskap og Gardsdrift for komande skuleår. Dei tek inn elevar så lenge dei har plass, sjølv om søknadsfristen har gått ut. Meir informasjon og søknadsskjema finn du på www.vlj.no.

ME YNSKJER DOKKE EIN GOD SOMMAR, OG HÅPAR PÅ LAGLEG VER OG GODE AVLINGAR 😊

INFORMASJON

GO Consult
Olav Engelsingjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv



Bestill her

ALLE TRENG
GODE BØNNER
handbrent.no



tlf: 41 43 73 92

ARKIDAL
v/ Arne Dirdal



Teknisk tegner - byggesøknad, tilbygg, påbygg og fasadeendring
ingen oppdrag er for små!

Vikesåbakkane, 4389 Vikeså
www.arkidal.no - post@arkidal.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO

FOTOSTUDIO  RAMMEVERKSTED

Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 **Bjerkreim legekantor**
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

coop
Vikeså

coop byggmix **EXTRA** **coop prix**

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00
Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00
Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

Coop Norge AS

 **Eigersund Dyreklinikk**
Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!**

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

**RENSELØSNINGER
TIL HUS OG HYTTER**



LITT OM VÅRE ANLEGG:

- Tilfredstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:

- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

Sandnes Maskin
Tlf: 954 09 360 - post@sandnesmaskin.no

Fardal Bil AS
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no